



**FYLKESMANNEN  
I SOGN OG FJORDANE**

# **Forvaltningsplan for Tennøyane naturreservat i Bremanger kommune**




**Rapport nr. 10-2009**



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Fylkesmannen er Regjeringa og staten sin fremste representant i fylket, og har ansvar for at Stortinget og Regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer vert følgde opp. Fylkesmannen skal fremje fylket sine interesser, ta initiativ både lokalt og overfor sentrale styringsorgan.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har oppgåver innan landbruk og bygdeutvikling, miljøvern, sosialsektoren, sivil beredskap og overfor kommunane. Vi er om lag 110 tilsette, og er organisert slik:



## HER FINN DU OSS:

Statens hus, Njøsavegen 2, Leikanger  
Telefon 57 65 50 00 – Telefaks 57 65 50 55  
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Landbruksavdelinga:  
Fjellvegen 11, Førde  
Telefon: 57 72 32 00 – Telefaks 57 72 32 50  
Postadresse: Postboks 14, 6801 Førde

E-post: [post@fmsf.no](mailto:post@fmsf.no) Internett: <http://www.fylkesmann.no/sfj/>  
<http://sognogfjordane.miljostatus.no>

Framsidedfoto: Tennøyane naturreservat. Foto: Heidi Sandvik

# Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Rapport nr. 10 -2009

<b>Forfattarar</b> Heidi Sandvik	<b>Dato</b> Desember 2009
<b>Prosjektansvarleg</b> Tore Larsen	<b>Sidetal</b> 34
<b>Tittel</b> Forvaltingsplan for Tennøyane naturreservat i Bremanger kommune	<i>ISBN 978-82-97777-13-8 ISSN 0803-1886 Rapporten ligg også på nettstaden Miljøstatus</i>
<b>Geografisk område</b> Sogn og Fjordane	<b>Fagområde</b> Naturvern
<b>Samandrag</b> <p>Dei to Tennøyane og omliggande sjøareal vart ved kgl.res. 28.05.1993 verna under namnet Tennøyane naturreservat. Føremålet med vernet er å gje sjøfuglane gode og trygge livsvilkår, og å ta vare på ein viktig hekke- og overvintringslokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv. Tennøyane er viktige hekkeplassar for fleire artar av kyst- og sjøfugl, og området er særleg av verdi som hekkeplass for måsefugl.</p> <p>Føremålet med forvaltingsplanen er å:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Vere eit hjelpemiddel til å realisere føremålet med naturreservatet. Planen byggjer på verneforskrifta og den kunnskapen som finst om reservatet og om sjøfugl</li><li>• Klargjere kva spelerom grunneigarar og andre brukarar har i det freda området</li><li>• Gje grunneigarane og allmenta innsyn i kva siktemål og strategi forvaltingsstyresmakta har for naturreservatet</li></ul> <p><b>Bevaringsmål:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Talet på artar og par som hekkar i reservatet skal vere på <i>minst</i> same nivå som i perioden rundt vernetidspunktet, dvs. to par grågåas, åtte par tjeld, tre par raudstilk, 30 par svartbak, 110 par gråmåse, 45 par fiskemåse og 25 par makrellterer. Siland og ærfugl skal også hekke, men vi har ikkje grunnlag for å spesifisere eit tal her.</li><li>• Holmane skal vere tilgjengelege og eigna for hekking for dei nemnde artane, dvs. at området skal vere utan tre og vegetasjonen skal haldast låg.</li><li>• Fuglane skal ikkje bli unødig uroa av ferdsel i hekketida.</li></ul> <p>Tennøyane er framleis i god stand som hekkeområde, men på delar av øyane begynner begynner røsslyngen å bli grovvaksen og lite eigna for hekkande sjøfugl. Sau beitar på øyane. Det vil vere ønskjeleg med sau på beite også i framtida, for å halde vegetasjonen nede. Det kan vere aktuelt med lyngbrenning.</p> <p>Gjennom synfaringar og fugleteljningar vil Fylkesmannen følgje med på utviklinga i hekkebestandar i reservatet.</p>	
<b>Emneord</b> 1. Naturvern 2. Sjøfugl 3. Forvaltingsplan 4. Biologisk mangfald	<b>Ansvarleg</b> Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

# Føreord

Tennøyane naturreservat er eit av 57 sjøfuglreservat i Sogn og Fjordane som vart verna ved kgl. res. 28.05.1993. Dette er den første forvaltningsplanen for området, og ein av 17 forvaltningsplanar som Fylkesmannen sette i gang arbeid med hausten 2008. Ingen av dei 57 sjøfuglreservata i fylket hadde fått utarbeidd forvaltningsplanar før dette.

Dei fleste av desse 17 naturreservata vart valde ut til arbeidet med forvaltningsplan på grunn av stort behov for vegetasjonsskjøtsel for å fremje verneføremålet. Sjøfuglane hekkar på bakken og dei vil ha område med godt utsyn til alle kantar for å føle seg trygge. Dei siste åra har det derfor også vore sett i gang rydding av tre og kratt som veks opp i fleire sjøfuglreservat i fylket.

Den største utfordringa for sjøfuglane for tida er likevel å finne nok næring i sjøen til å gjennomføre hekking. Låg ungeproduksjon på grunn av næringsmangel har dei siste åra vore eit problem rundt heile Nordsjøen. Med dei problema sjøfuglane er inne i på grunn av manglande næringstilgang, er det viktig at hekkeplassane er best mogleg eina for dei fuglane som faktisk går til hekking. Aktuelle skjøtselstiltak for å gjenskape og oppretthalde best moglege vilkår for hekkande sjøfugl er derfor eit sentralt tema i forvaltningsplanane.

Fylkesmannen har hatt 12 forvaltningsplanar for sjøfuglreservat på høyring i 2009. Høyringsbrev har vore sendt til grunneigarar, aktuelle offentlege etatar og fleire lokale og regionale lag og organisasjonar. Høyringsdokumenta har lege på Fylkesmannen sine heimesider. Vedtekne forvaltningsplanar er å finne på Miljøstatus for Sogn og Fjordane (<http://sognogfjordane.miljostatus.no>), under "Rapportar", som er ei lenkje under "Kart og geodata" på hovudmenyen. Planane ligg også under tema sjøfuglreservat i Miljøstatus.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er forvaltningsstyresmakt for alle sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane.

Rådgjevar Heidi Sandvik har ført framlegga til forvaltningsplanane i pennen. Det er også ho, i samarbeid med andre fagpersonar hos Fylkesmannen, som har gjennomført høyringa og slutført arbeidet med forvaltningsplanane. Tore Gundersen i Statens Naturoppsyn har bidrege med hjelp under synfaringane, både i form av transport og erfaringar frå skjøtelsarbeid.

Leikanger, desember 2009

Nils Erling Yndesdal (sign.)  
fylkesmiljøvernssjef

# Innhold

1	Innleiing .....	6
2	Eksisterande kunnskap om sjøfuglane i fylket .....	7
2.1	Registreringar .....	7
2.2	Tilstand .....	7
2.3	Utfordringar .....	8
3	Tennøyane naturreservat .....	9
3.1	Skildring av planområdet .....	9
3.2	Naturkvalitetar .....	9
3.3	Tilstanden i Tennøyane naturreservat .....	9
3.4	Bevaringsmål for Tennøyane naturreservat .....	11
4	Brukarinteresser i Tennøyane naturreservat .....	13
4.1	Beiting og lyngbrenning .....	13
4.2	Friluftsliv og ferdsel .....	14
4.3	Jakt .....	15
4.4	Fiske .....	15
4.5	Taretråling .....	16
4.6	Akvakulturanlegg .....	16
4.7	Redningsteneste m.m. ....	17
4.8	Drift og vedlikehald av anlegg .....	18
4.9	Lågtflyging .....	18
5	Skjøtsel .....	19
5.1	Generelt om skjøtelsbehov i sjøfuglreservata .....	19
5.2	Om behovet for skjøtselstiltak i Tennøyane naturreservat .....	20
5.3	Framtidige skjøtselstiltak i Tennøyane naturreservat .....	21
5.4	Praktisk gjennomføring av skjøtselstiltak (vegetasjonsrydding) .....	22
6	Tilstandsovervaking og forvaltning .....	23
6.1	Overvaking av tilstand og oppfølging av bevaringsmål .....	23
6.2	Praktisering av dispensasjonsheimlane i verneforskrifta .....	24
6.1	Sakshandsaming ved dispensasjonssøknader .....	26
6.2	Skilting og informasjon .....	27
6.3	Ilandstiging i hekketida - rapportering .....	27
6.4	Statens naturoppsyn - kontaktinformasjon .....	28
7	Kjelder .....	29
8	Vedlegg .....	31
8.1	Vedlegg I – Verneforskrifta .....	31
8.2	Vedlegg II – kart som viser vernegrensene .....	33

# 1 Innleiing

Vern av areal med særlege naturverdiar er i Noreg regulert av naturmangfaldlova, som 1.7.2009 avløyste den gamle naturvernlova. Føremålet med vern er å sikre at kvalitetane i naturen vert tekne vare på for framtida. Vern som naturreservat (§ 37) er den strengaste av verneformene og blir m.a. brukt for område som inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, område av ein bestemte naturtype, er viktig for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitskapleg verdi.

Dei to Tennøyane og omliggande sjøareal vart ved kgl.res. 28.05.1993 verna under namnet Tennøyane naturreservat. Føremålet med vernet av Tennøyane naturreservat, slik det er skrive i del III i verneforskrifta, er *” å gje sjøfuglane gode og trygge livsvilkår, og å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv”*.

Med sjøfugl meiner vi dei artane som lever av og ved havet størsteparten av året. Typiske representantar for sjøfuglane er stormfuglar (t.d. havhest), suler, skarvar, dei fleste måsefuglane (måsar, ternar og joar) og alkefuglane. Av andefuglane i Sogn og Fjordane er det berre ærfugl som er typisk sjøfugl. Det var desse artane det var lagt størst vekt på då sjøfuglreservata i fylket vart oppretta.

Verneforskrifta for Tennøyane naturreservat, del VII, seier at *”Forvaltningsstyresmakta, eller den som forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med føremålet med vernet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som skal innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtselstiltaka.”* Heile verneforskrifta er gjengjeven i vedlegg 1.

Forvaltningsplanen skal vere eit hjelpemiddel til å realisere føremålet med vernet. Hovudføremålet er å gi ei oversikt over tilstand og utfordringar i Tennøyane naturreservat, klargjere nærare kva spelerom grunneigarar og andre brukarar har i det verna området, og å konkretisere nødvendige tiltak for å gi sjøfuglane gunstige hekkeforhold. Forvaltningsplanen byggjer på verneforskrifta og den kunnskapen som finst om verneområdet.

I verneforskrifta står det lista opp kva tiltak som i utgangspunktet er forbode innafor vernegrensene, kva som utan vidare er tillate og kva som krev løyve frå forvaltningsstyresmakta for å kunne gjennomførast. Forvaltningsplanen skal vere ei rettesnor for forvaltningsstyresmaktene si tolking av verneforskrifta, både når det gjeld dispensasjonspraksis og ulike praktiske tiltak som forvaltningsstyresmakta vil setje i verk eller støtte. Planen skal også gje grunneigarane og allmenta innsyn i kva siktemål og strategi forvaltningsstyresmakta har for naturreservatet. Med det vil dei betre kunne planleggje eigne aktivitetar, og betre bidra til å fremje verneføremålet sjølve. Dei vil også ha eit betre utgangspunkt for initiativ overfor forvaltningsstyresmakta, og eit grunnlag for kvalitetskontroll av forvaltninga.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er forvaltningsstyresmakt for Tennøyane naturreservat, og står for planlegging (forvaltnings- og skjøtelsesplanar) og handsaming av saker etter verneforskrifta. Verneforskrifta er juridisk bindande, medan forvaltningsplanen er retningsgivande for Fylkesmannen si praktisering av forskrifta og gjennomføring av praktiske tiltak i naturreservatet. Forvaltningsstyresmakta er ansvarleg for skjøtsel. Statens naturoppsyn (SNO) har ansvar for oppsyn i naturreservata, og har i samråd med Fylkesmannen også teke på seg skjøtelsesarbeid så langt kapasiteten tillèt.

Revisjon av forvaltningsplanen bør skje når tilhøva i reservatet krev det, med grunnlag i erfaringar og vurderingar av konsekvensar av forvaltnings- og skjøtselstiltak i reservatet. Som generell rettesnor er det tilrådd at forvaltningsplanar vert reviderte minst kvart 10. år.

## 2 Eksisterande kunnskap om sjøfuglane i fylket

### 2.1 Registreringar

I Sogn og Fjordane vart det ved kgl. res 28.5.1993 oppretta 57 sjøfuglreservat, fremja av Miljøverndepartementet. Det var gjort ei omfattande kartlegging av sjøfuglområda i Sogn og Fjordane før vernet (Godø 1982, 1983, 1984), med oppfølgjande teljingar etter fredinga (Godø 1994/1995, 2000). Teljingar over ein såpass lang periode har gitt oss eit godt innsyn i kva nivå hekkebestandane av ulike sjøfuglartar låg på ved fredingstidspunktet, og eit utgangspunkt for å vurdere kva som er naturlege variasjonar i hekkebestandane over tid. Frå 2003 har Fylkesmannen i samarbeid med Statens Naturoppsyn talt fugl i sjøfuglreservata kvar sommar, men alle reservata har ikkje vorte talde kvart år.

### 2.2 Tilstand

Hekkebestandane av sjøfugl i Sogn og Fjordane braut saman i løpet av 2003/2004, på same tid som sjøfuglbestandane elles rundt Nordsjøen. Svært få fuglar la egg, og av dei få ungane som blei ruga ut kom nesten ingen på vengane. Den einaste faktoren som kan forklare hekkesvikt over så pass store geografiske område er næringsmangel. Årsaka til næringsmangelen kan vere samansett, men overfiske, kanskje i kombinasjon med auka havtemperatur, er nok den viktigaste forklaringa. Bestandane av havsil (tobis), som både er basisføde for mange sjøfuglartar og ein nøkkelart i økosystemet i Nordsjøen, forsvann nærmast i 2004.

Alle dei tre stormåsane, **svartbak**, **gråmåse** og **sildemåse** vart hardt ramma av samanbrotet i Nordsjøen i 2003/04. Desse artane var på god veg tilbake i 2007, men frå 2007 til 2008 vart hekkebestanden meir enn halvert for sildemåse og gråmåse. For svartbak viste teljingane i 2008 berre ein tredel av 2007-bestanden. **Fiskemåsen** har ein stabil, men svært liten hekkebestand på kysten; så liten at det truleg vil ta lang tid før den når gamle høgder – om den nokon gong gjer det. Hekkebestanden av **krykkje** i fylket er ein tidel av bestanden i 1995, men ser no ut til å halde seg stabil eller vere i svak auke. **Ternene** har vore nesten heilt borte frå kysten av Sogn og Fjordane etter ein rask nedgang som begynte for drygt 10 år sidan. I 2007 vart ternar for første gong i dette hundreåret funne hekkande ved den ytre kyststripa, men i 2008 var desse borte - og det meste av hekkebestanden i fylket blei funne i ein enkelt koloni innaskjers. **Tjuvjo** vart for første gong ikkje registrert under sjøfuglteljingane i Sogn og Fjordane i 2007, og er truleg forsvunne som hekkefugl i fylket. Under tilsvarande teljingar på 80-talet vart det jamt over sett 60 individ, men samanbrotet for denne arten kom allereie på 90-talet.

**Grågåsa** har også gått ein del tilbake dei siste åra, og dei store myteflokkane som brukte å liggje i Askvoll har vi ikkje sett dei siste åra. Frå 2007 til 2008 har det likevel skjedd ein liten auke, men denne har skjedd gjennom ei jamn spreiding av arten utover i fleire av sjøfuglreservata. **Ærfuglen** ser ut til å produsere svært få ungar for tida. Hekkebestanden av ærfugl i fylket var i 2008 den minste som er registrert nokon gong. Etter oljeutslippet frå MS *Server* vinteren 2007/2008 var dessutan talet på ærfuglar i dei store fjørfellingsflokkane halverte i høve til åra før, og året etter var det endå færre.

**Havhest** hekkar i ein svært liten, men tilsynelatande stabil bestand i to av sjøfuglreservata i nord. Hekkebestanden av **toppskarv** var på eit historisk lågmål tidleg på 2000-talet. Toppskarven ser ikkje ut til å ha vore alvorleg påverka av næringssvikten i Nordsjøen, og truleg har andre og meir lokale faktorar ført til den generelle tilbakegangen i fylket sidan 80- og 90-talet. Arten er følsam for taretråling og ilandstiging på hekkeplassane.

**Alke og lomvi** er på om lag same bestandsnivå eller litt lågare enn dei siste ti-femten åra. Hekkebestanden av **lundefugl** i fylket er redusert dei siste tiåra, men har halde seg stabil sidan 2005. Hekkebestanden av **teist** braut saman på slutten av 80-talet, og har vore liten sidan. Til skilnad frå dei andre alkefuglane fiskar teisten i tareskog, og er dermed følsam for taretråling.

## 2.3 Utfordringar

I følgje rapporten "Vest-Nordiske sjøfugler i et presset havmiljø", som vart publisert etter eit arbeidsseminar om sjøfugl som samla ekspertar frå fleire fagmiljø på Færøyane hausten 2007, har klimastyrte endringar i havet nærast slått ut fleire ledd i næringskjeda til sjøfugl i nordiske farvatn. Dei fuglane som møter opp på hekkeplassane slit med å finne nok mat. Resultatet er at få ungar lever opp. Det er normalt at sjøfuglar kan stå over hekkinga enkelte år. Når dette gjentek seg er det derimot grunn til bekymring. No er vi i ein situasjon der fleire artar har hatt mislukka hekking fleire år på rad.

Ein hovudkonklusjon i denne ekspertgruppa sin rapport er at det i ei tid med uoversiktlege og komplekse problem for sjøfugl knytt til klimaet, er viktigare enn nokon gong å ta kontroll over andre menneskeskapte faktorar som påverkar sjøfugl negativt. Dette kan vere faktorar som overfiske som medfører redusert næringstilgang for sjøfuglane, at fugl vert fanga i fiskereiskapar og døyr (bifangst), oljeforureining, miljøgifter, jakt og fangst, uroing i viktige leveområde, eller framande artar som kan true hekkande sjøfugl.

Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane dei siste åra viser at endringane i sjøfuglbestandane i sjøfuglreservata samsvarar med omfanget av fisket etter tobis, på den måten at hekkebestandane av sjøfugl har vore på eit lågmål når tobisen har vore nedfiska og auka i takt med auka tobisbestandar når fisket har vore stoppa. Tobis er ikkje nødvendigvis næring for sjøfuglane direkte, men står så sentralt i økosystemet at endringar i bestanden påverkar fleire ledd i næringskjedene. Det er samtidig grunn til å vere merksam på andre moglege bidrag til svake hekkesesongar. I 2008 vart det t.d. gjennomført seismikkskyting sør på kysten av fylket. Forsøk har tidlegare vist at fisk forlèt område med seismikkskyting, så slik aktivitet nær land midt i hekketida vil naturleg nok kunne skape problem for sjøfuglane sin næringstilgang.

Politikarar og nasjonale styresmakter har den siste tida sett eit større fokus på sjøfuglforvaltning. Miljøvernministrane i dei nordiske landa vedtok i eit møte i Stockholm i september 2008 at det skal arbeidast med ein nordisk tiltaksplan for å motverke nedgangen i sjøfuglbestandane i Vest-Norden. Tiltaksplanen skal utarbeidast gjennom eit samarbeid mellom dei aktuelle nasjonale styresmaktene i dei berørte nordiske landa.

I ein situasjon der mattilgangen er ein avgrensande faktor, vil det vere særleg viktig at sjøfuglreservata er attraktive og eigna for hekking, slik at flest mogleg fuglar kan hekke og få fram ungar innafor rammene av det mattilgangen tillèt. Gunstige forhold i hekkeområda kan vere avgjerande for at sjøfuglbestandane kan ta seg opp i år med betre næringstilgang. I eit slikt perspektiv ser Fylkesmannen det som viktig at verna hekkelokalitetar er tilgjengelege for fuglane i best mogleg tilstand. For ein del sjøfuglreservat er det nødvendig med skjøtsel for å halde vegetasjonen låg og fri for skog. Det er også viktig at ferdselsforbodet i verneområda blir etterlevd, slik at fuglane ikkje blir unødig uroa.



## 3 Tennøyane naturreservat

### 3.1 Skildring av planområdet

Reservatet dekkjer eit areal på om lag 348 da, og av dette er om lag 151 da landareal. Området omfattar to om lag jamstore, låglendte og graskledde øyar (78 dekar og 73 dekar), som ligg kloss i kvarandre der fjordarmene Midtgulen og Nordgulen møtest. Berggrunnen består av devonske sedimentbergartar. Jordsmonnet er grunt. Vegetasjonen er prega av fuglelivet og kystklimaet.



*Flyfoto av Tennøyane naturreservat, som ligg inne i fjorden mellom Midtgulen og Nordgulen, henta frå [www.norgebilder.no](http://www.norgebilder.no). Grensene for naturreservatet er merkte med raudt.*

### 3.2 Naturkvalitetar

Tennøyane er viktige hekkeplassar for fleire artar av kyst- og sjøfugl. Øyane er særleg av verdi som hekkeplass for måsar, men av påviste artar kan namnast ærfugl, siland, tjeld, vipe, småspove, raudstilk, fiskemåse, hettemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, makrellterne, raudnebbterne og teist. Tennøyane er framleis i bra stand som hekkeområde for sjøfugl, men på delar av øyane begynner røsslyngen å bli grovvaksen og lite eigna for sjøfugl.

I grunnlagsundersøkingane for vernet var det berre området sin funksjon for fugl som vart kartlagt. Det er såleis ikkje gjort granskingar av eventuelle andre miljøkvalitetar i området.

### 3.3 Tilstanden i Tennøyane naturreservat

Tennøyane er eit viktig hekkeområde for gråmåse. Tidleg på 80-talet hekka opp mot 140 par. Også på 90-talet har det hekka 100 par (1994) og i år 2000 hekka 120 par gråmåse. Etter dette har hekkebestanden i Tennøyane naturreservat vore lågare, og heilt nede i 25 hekkande par gråmåse i 2008. Likevel var det berre sju andre sjøfuglreservat på kysten som hadde eit høgare tal hekkande gråmåse i 2008. Talet på hekkande gråmåsar har minka mykje langs heile kysten av fylket dei siste åra.

Tennøyane har også vore eit viktig hekkeområde for svartbak, med 40-50 hekkande par dei to første åra etter vernet. Talet på hekkande par har gått gradvis ned, og dei siste tre åra har det hekka mindre enn ti par svartbak på Tennøyane (berre fem i 2008). I 1983 hekka det 80

par fiskemåsar i naturreservatet. I åra etter vernet (1994 og 1995) hekka det 45-50 par fiskemåse. Etter dette er det registrert ein kraftig nedgang. I 2000 hekka ingen fiskemåsar, medan det dei tre siste åra har hekka mellom fem og ni par. Hettmåse og sildemåse er registrert hekkande eitt år kvar, Sildmåse i 1979 med åtte par og hettmåse i 1984 med fire par. Dei hekkande måsane favoriserer dei grønne graskledde delane av øyane framfor å hekke i røsslyngen på Tennøyane.

Art	1979	1982	1983	1984	1994	1995	2000	2006	2007	2008
Grågås					2	3	20 ind., hekking			
Ærfugl	6	7 ind.		5	60 ind	40 ind.	24 ind	3 ind.	2	
Siland				13 ind.						2
Stokkand	1		1 ind.							
Krikkand		1 ind.		1 ind.						
Tjeld	3	6	4	7	12	9	+	5 ind.	1	4
Heilo								1 ind.		
Vipe			6	3						
Raudstilk	3	3	2	3						
Strandsnipe										1
Enkeltbekkasin	5									
Småspove				1						
Storspove							+			
Svartbak	2	30	12	15	40	50	30	9	10	5
Gråmåse	53	75	140	110	100	55	120	48	70	25
Sildemåse	8									
Hettmåse				4						
Fiskemåse	20		80	20	45	50		9	5	6
Makrellterne	18	25	25	20			25			
Teist				1 ind.						
Heipiplerke		3								
Kråke								1		

**Tabell 1.** Tal hekkande par (=reir/ungekull) for dei viktigaste artane i Tennøyane naturreservat i tida før vernet (1979,82, 83 og 84), første åra etter vernet (1994 og 1995) og det siste tiåret. (2000-2008). Talet på individ (ind.) er vist for artar det ikkje er registrert hekking av. I 1979-1982 vart teljingane gjort i 2. halvdel av juni, medan resten av teljingane er gjort i første del av månaden.. Når ein art er registrert utan nærare opplysningar om tal individ eller heking, er dette markert med eit + i tabellen.

Makrellterne hekka med 20-25 par tidleg på åttitalet. Etter dette er terne registrert hekkande berre eitt år, i 2000 med 25 par. Under teljinga dei siste åra har det ikkje vore registrert eit einaste hekkande par terne. Ternene er kjent for å kunne flytte hekkekoloniane frå år til år etter kvar næringstilgongen er best, men det siste tiåret har talet på hekkande ternar gått sterkt ned langs heile kysten av Sogn og Fjordane. Vi kan dermed slå fast at det ikkje berre er snakk om lokale forflyttingar.

Talet på registrerte ærfuglar har variert mykje frå år til år. I grunnlagsrapportane fram t.o.m. år 2000 er det ofte vist til at det er observert fleire hoer med årsungar, utan at det er gitt eit nærare tal. Det eksakte talet på hekkande ærfugl er ofte vanskeleg å fastslå. I 2007 vart det anslege at to par ærfugl hekka i området og i 2008 hekka truleg ingen. Truleg har det vore dårleg med hekking dei siste åra i dette området. Hekkebestanden av ærfugl er no på eit lågmål i heile fylket, utan at vi kjenner årsaka til dette. Men i ein situasjon med dårleg næringstilgang for gråmåse og svartbak er det naturleg å vente at ærfuglungar har dårleg overleving.

Grågåsa har vore registrert som hekkefugl i åra 1994, 1995 og 2000, men verken før eller etter dette. Det er generelt ønskjeleg at grågåsa hekkar i sjøfuglreservata, fordi dei beitar gras og held vegetasjon nede.

Også fleire artar av vadefugl har vore registrert hekkande, særleg tidleg på 80-talet. Artane tjeld, heilo, vipe, raudstilk, strandsnipe, enkeltbekkasin, småspove og mogleg også storspove er registrert hekkande. Med unntak av tjeld og strandsnipe, har ikkje nokon vadefuglartar vorte registrert hekkande etter 2000. Strandsnipe er registrert berre eitt år, i 2008, medan tjeld hekkar fast i området.

### 3.4 Bevaringsmål for Tennøyane naturreservat

Direktoratet for naturforvaltning er i ferd med å utvikle eit system for å overvake tilstanden i verneområda. Ved hjelp av konkrete "bevaringsmål" skal det målast om tilstanden i verneområda er slik vi ønskjer han skal vere. For sjøfuglreservata vil utviklinga i talet på hekkande fugl over tid vere eit mål for tilstanden. Dette kan dokumenterast gjennom systematiske teljingar og overvaking.

Eit naturleg bevaringsmål for Tennøyane naturreservat vil vere at talet på hekkande artar og par i reservatet skal vere minst på same nivå som ved vernetidspunktet. For å talfeste dette nærare må vi ta utgangspunkt i teljingane frå åra 1982-1984 og 1994/95. Teljingane frå tidleg på 80-talet vart lagt til grunn for verneforslaget og vernevedtaket i 1993, medan teljingane for 1994 og 1995 er det næraste vi kjem bestandstala ved vernetidspunktet i tid. Tala for 1984 er jamt over svært høge for dei fleste artar, pga. eit historisk stort innsig av småsei. Fordi tala for mange artar varierer mykje frå år til år, og nokre artar berre er registrert ein gang, brukar vi eit vekta snitt for å angi kva nivå vi ønskjer at hekkebestandane minst skal vere på (tabell 2). Artar som er observerte hekkande berre ein gong ser vi ikkje grunn til å ta med i bevaringsmålet, med unntak av dei vi meiner bør vere representerte i eit slikt område. Vi har også teke med tjeld og nokre andre artar som ikkje er typiske sjøfuglar (t.d. grågås og raudstilk), men som delvis er knytte til saltvatn, og naturleg hekkar i lynghei langs kysten.

Truleg har sjøfuglbestandane for enkelte artar i periodar vore større enn det teljingar i perioden 1982-1995 viser. Andre artar enn det som hekka i denne perioden har også hekka her, som t.d. sildemåse og strandsnipe. Talet på artar og hekkande par som er lagt inn i bevaringsmålet, må såleis sjåast på som eit minstemål for korleis tilstanden i dette sjøfuglreservatet bør vere.

Art	1982	1983	1984	1994	1995	Bevaringsmål
Grågås				2	3	2
Ærfugl	7 ind.		5	60 ind	40 ind.	Hekking
Siland			13 ind.			Hekking
Tjeld	6	4	7	12	9	8
Raudstilk	3	2	3			3
Svartbak	30	12	15	40	50	30
Gråmåse	75	140	110	100	55	110
Fiskemåse		80	20	45	50	45
Makrellterne	25	25	20			25

**Tabell 2:** Bevaringsmålet seier noko om minimum ønskjelege tal på artar og par som hekkar i reservatet. Tala i bevaringsmålet er basert på tal hekkande par i Tennøyane naturreservat, registrert i teljingane som ligg nærast opp mot vernevedtaket i 1993.

Av dei opplista artane i tabell 2 er makrellterne oppført som "sårbar" på "Norsk Rødliste" over trua artar. Dette er såleis ein art det er særleg viktig å ta vare på.

For å nå bevaringsmålet for tal hekkande artar og par, er det ein føresetnad at tilgangen på eigna hekkeplassar i naturreservatet er god. Det vil då vere viktig å forhindre at naturreservatet gror att med grov lyng og buskar/kratt. Det er også avgjerande at fuglane ikkje blir uroa i hekketida.

**Bevaringsmål** (definerer kva tilstand det er ønskjeleg at ein naturkvalitet skal ha):

- Talet på artar og par som hekkar i reservatet skal vere på *minst* same nivå som i perioden rundt vernetidspunktet, dvs. to par grågåas, åtte par tjeld, tre par raudstilk, 30 par svartbak, 110 par gråmåse, 45 par fiskemåse og 25 par makrellterer. Siland og ærfugl skal også hekke, men vi har ikkje grunnlag for å spesifisere eit tal her.
- Holmane skal vere tilgjengelege og eigna for hekking for dei nemnde artane, dvs. at vegetasjonen på øyane skal haldast låg
- Fuglane skal ikkje bli unødig uroa av ferdsel i hekketida.



*Tennøyane naturreservat er eit viktig hekkeområde for gråmåse (til venstre) og fiskemåse.  
Foto: Tore Larsen.*

## 4 Brukarinteresser i Tennøyane naturreservat

Bruken av verneområdet må skje innanfor rammene som verneforskrifta set. Verneforskrifta er gjengitt i vedlegg I, og inneber mellom anna følgjande: All vegetasjon i vatn og på land er verna mot alle former for øydelegging. Nye planteartar må ikkje innførast. Dyre- og fuglelivet, herunder reirplassar og hiområde, er verna mot skade og øydelegging. Bruk av skytevåpen er forbode. Hundar skal haldast i band. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre dei naturlege tilhøva. I hekketida (april, mai, juni og juli) er det ferdselsforbod på land og i ei sone på ca. 50 meter ut frå land.

Vernet er likevel ikkje til hinder for ei rekkje aktivitetar og tiltak, slik det går fram av del V i verneforskrifta. Desse, saman med nokre andre brukarinteresser, er nærare omtalt i dette kapitlet av forvaltningsplanen.

### 4.1 Beiting og lyngbrenning

Beiting og brenning kan gje betre hekkeforhold for sjøfugl, ved at vegetasjonen vert halden nede. I dag er det ei utfordring i mange av sjøfuglreservata at den tradisjonelle beitebruken har teke slutt, slik at attgroinga har vorte eit trugsmål mot verneføremålet. Det er ønskeleg at den tradisjonelle bruken av sjøfuglreservata, med beiting og brenning, vert oppretthalden.

#### Beiting

Etter det Fylkesmannen kjenner til blir i alle fall den vestlege øya framleis nytta til sauebeite, og truleg begge øyane. I verneforskrifta del V punkt. 3 er det sagt at vernet ikkje er til hinder for "*Tradisjonelt sauebeite, og naudsynt ferdsel i samband med tilsyn av beitedyr, gjødsling av beite og vedlikehald av eksisterande gjerde m.v.*" Det er såleis opna for å ha sau på beite i reservatet og for naudsynt ferdsel og vedlikehaldsarbeid knytt til dette, også i hekketida. Ved slik ferdsel og arbeid i reservatet bør det leggast vekt på å gjere uroing av hekkande fuglar så kortvarig som mogleg.

Dersom det er aktuelt å la sau beite vinterstid, må det søkjast Mattilsynet om dispensasjon for dette. Det er då vanleg at det blir stilt vilkår om skjul for sauene, jf. "Forskrift om velferd for småfe" § 17 og 18. Då Fylkesmannen i 1996 gav løyve til å setje i stand eit eksisterande stølshus til bruk som uthus, var det mellom anna med tanke på å dekkje behovet for skjul for sau, jf. nedanfor. Oppføring av konstruksjonar for å gje skjul/ly til dyr på vinterbeite vil elles vere søknadspliktig etter verneforskrifta.

#### *Beiteområde for geit*

Gjennom verneforskrifta er det ikkje direkte heimel til å ha andre dyr enn sau på beite. I samband med erstatningsoppgjeret etter vernet gjorde Fylkesmannen unntak frå verneforskrifta og gav løyve til å nytte dette reservatet som beiteområde for geit på same vilkår som for sau:

*"Eigaren av gnr. 41, bnr. 1 får løyve til å nytte reservatet som beiteområde for geit på same vilkår som for sau slik det går fram av pkt. V, underpunkt 3, i forskrifta".*

#### *Stølshus til bruk som uthus*

Sidan det vart sett på som ønskeleg med beiting av småfe i dette sjøfuglreservatet, for å hindre gjengroing med buskvegetasjon, såg Fylkesmannen det også som rimeleg at eit eksisterande stølshus vart sett i stand som uthus. Også her gjorde Fylkesmannen unntak frå verneforskrifta i samband med erstatningsoppgjeret.

I vedtaket er det sagt at "eigaren av gnr. 41, bnr. 1 får løyve til å setje i stand eit stølshus til bruk som uthus, dvs. til bruk som vern for beitedyr, lagring av gjødsel, saltsteinar o.l. Stølshuset står om lag midt på øya (på austsida) som ligg lengst aust i reservatet. Det vert presisert at det aktuelle stølshuset ikkje skal kunne setjast i stand på ein slik måte at det kan nyttast til hytte, utleigehytte, fritidsbustad eller tene til liknande føremål som opphaldsstad for folk". Vidare er det sett som vilkår at "alt arbeid og vedlikehald på stølshuset skal gjennomførast utanom tida med ferdselsforbod (april, mai, juni, juli)".

Løyvet om istandsetjing til uthus vart gjort i 1996. Fylkesmannen kjenner ikkje til at stølshuset har vorte sett i stand til uthus, slik det vart gitt løyve til.

### Brenning

Vi kjenner ikkje til at det har vore vanleg med gras- eller lyngbrenning på nokon av holmane i reservatet tidlegare, men vi vil likevel seie noko her om kva verneforskrifta seier om brenning.

Det er ikkje direkte opning i verneforskrifta for lyng- og grasbrenning, slik det er for tradisjonelt beite. Når brenning (og anna fjerning av vegetasjon) krev særskilt løyve frå forvaltingsstyresmakta, er det ikkje for å hindre skjøtsel, men for å sikre at tiltaka vert gjort på ein måte som fremjar verneføremålet.

Brenning, som i utgangspunktet er eit viktig element i skjøtsel av lyngheilandskapet, kan t.d. verke negativt dersom det vert gjort til feil tid, slik at ein brenn vekk frø og humuslaget. Brenning bør derfor skje i perioden januar til midten av mars. Det må anten vere frost/tele i bakken eller vått.

Nyare erfaringar har synt at oppfølging etter brenning kan vere viktig for å unngå uheldige bieffektar i form av t.d. mykje einstape som veks opp. Det bør såleis i utgangspunktet ikkje gjennomførast lyngbrenning der det veks einstape, utan at ein har metodar for å fjerne dei etterpå. Anbefalt tiltak mot einstape er slått i midten av juli og ny slått seks veker seinare. For å unngå slått i hekketida vil Fylkesmannen vurdere andre tiltak, dersom einstape skulle vise seg å bli eit problem i naturreservatet. Vi kjenner ikkje til at det finst einstape i Tennøyane naturreservat.

## 4.2 Friluftsliv og ferdsel

Sjøfuglane treng ro i hekkesesongen for å kunne lykkast med å bringe nye generasjonar av sjøfugl på vengene. Det er derfor lagt inn forbod mot ilandstiging og mot ferdsel og friluftaktivitetar nærare enn 50 meter frå land i hekkesesongen. Verneforskrifta del IV punkt 4 seier at "I tida frå og med 1. april til og med 31. juli er det i reservatet forbod mot ilandstiging og ferdsel på alt landareal, inkludert øyar, holmar og skjer, og i ei sone ut til omlag 50 meter frå land. Båtcamping og sportsdykking i 50 m sona, camping, teltslåing og oppsetjing av kamuflasjennretningar for fotografering er forbode."

Ferdselsforbodet på 50 meter frå land gjeld der verneområdet strekkjer seg 50 meter eller meir ut frå land (inkludert holmar og skjer). Der vernegrensa går nærare land, gjeld ferdselsforbodet berre ut til vernegrensa. For holmane i dette verneområdet vekslar avstanden mellom land og vernegrensa i sjøen frå å ligge godt over 50 meter til å ligge noko under 50 meter.

Den generelle haldninga blant friluftsutøvarar er at ferdselsforbodet skal respekterast. Dessverre kan uvettig opptreden frå enkeltpersonar og enkeltgrupper føre til stor skade. Sjølv kortvarige forstyrningar kan gje alvorlege følgjer. Ved uroing vert egg og ungar liggande uskjerma, og er lett bytte for t.d. ramn og kråke. Egg og ungar kan også døye på grunn av

nedkjøling, eller på grunn av høg temperatur i solskin. Det er difor viktig at ferdselsforbodet vert etterlevd i hekketida. Eventuelle problem med brot på ferdselsforbodet bør møtast med auka oppsyn, informasjon og haldningsskapande arbeid.

Utanom tida med ferdsels- og ilandstigingsforbod er ikkje vernet til hinder for naturvennleg friluftsliv. I følgje verneforskrifta del V punkt 5 og 6 er vernet ikkje til hinder for *"Bær-, sopp- og blomsterplukking utanom tida med ferdselsforbod"* eller *"Fiske, og fjerning av marine, virvellause dyr for hand, etter gjeldande lover og forskrifter når utøveren ikkje er omfatta av ferdselsforbodet."*

## 4.3 Jakt

Verneforskrifta del IV punkt 2 andre ledd seier at *"Bruk av skytevåpen er forbode. Hundar skal haldast i band. Utsetjing av vilt er forbode."* Det er såleis ikkje høve til å jakte i området.

Forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til felling av vilt som valdar vesentleg skade, jf verneforskrifta del VI punkt 1. Det er kjent at mink kan gjere stor skade i sjøfuglkoloniar, og at fellefangst kan i slike tilfelle vere eit tiltak som nyttar. Det er ikkje ønskjeleg med fellefangst av mink i hekketida.

Fiskeridirektoratet har søkt om jakt på sel i nokre av sjøfuglreservata, og i nokre reservat har det i fleire år vore gjort unntak frå vernereglane sine føresegner om vern av alt vilt og forbodet mot bruk av skytevåpen. Eit viktig utgangspunkt har då vore at jakta ikkje skulle vere i strid med verneføremålet, som m.a. er å gi sjøfuglane gode og trygge vilkår i hekketida. Det har vore lagt vekt på fiskeristyresmaktene sine vurderingar av kveisproblematikk og at Havforskningsinstituttet har gjennomført vitskaplege granskingar av dei felte selane. Eit hovudgrunnlag har også vore at steinkobbe er så stadbunden at det er vanskeleg å gjennomføre bestandsregulering utan at jakt i sjøfuglreservat har vore tillate. Etter 2006 har det ikkje blitt gitt dispensasjon for seljakt i sjøfuglreservata, både fordi jaktperiodane har vist seg å kunne vere i konflikt med verneføremålet, og fordi steinkobben no er på den norske raudlista over truga artar.

Der seljakt kan skje andre stader, bør ikkje jakt skje i sjøfuglreservat. Tennøyane er ikkje blant dei reservata fiskeridirektoratet har søkt om dispensasjon for, og Fylkesmannen reknar ikkje med at det er aktuelt med seljakt i Tennøyane naturreservatet.

## 4.4 Fiske

I følgje verneforskrifta del V, punkt 4, er vernet ikkje til hinder for:

*"Allmenn ferdsel i oppmerka skipslei og naudsynt ferdsel med båt i samband med yrkesfiske for manntalsførte fiskarar med fiskeregistrerte båtar, og grunneigarar/heimelshavarar i samband med utøving av gjeldande fiskerettar i tida med ferdselsforbod"*.

Punkt 5 er eit unntak frå ferdselsforbodet innanfor vernegrensene i hekketida, og opnar altså for naudsynt ferdsel med båt i samband med yrkesfiske for manntalsførte fiskarar med fiskeregistrerte båtar heile året. Også for grunneigarar/heimelshavarar er naudsynt ferdsel med båt i samband med utøving av gjeldande fiskerettar lovleg heile året.

Ut frå eit ønskje om å ta vare på heilskapen i økosystemet i naturreservatet, er alt *"dyre- og fugleliv"* verna mot skade og øydelegging (verneforskrifta del IV). Det har likevel ikkje vore meininga å hindre fiske etter gjeldande reglar og forskrifter, og derfor er det spesifisert i del V punkt 6 at reglane ikkje er til hinder for:

*"Fiske, og fjerning av marine, virvellause dyr for hand, etter gjeldande lover og forskrifter når utøvaren ikkje er omfatta av ferdselsforbode"*

Dette er eit unntak frå regelen om at alt dyreliv er freda, og tyder at yrkesfiskarar og grunneigarar / heimelshavarar har rett til å fiske (og fjerne marine, virvellause dyr for hand) heile året. Fritidsfiskarar har rett til å fiske etter havressurslova (tidlegare saltvassfiskeleva) sine reglar heile året, med unntak for 50-metersona i tida med ferdselsforbod (01.04-31.07).

Formuleringa *"fjerning av marine, virvellause dyr for hand"* fortener ein kommentar. Virvellause dyr er eit samleomgrep for alle dyr som manglar virvelsøyle (ryggsøyle). "Marine virvellause dyr" vart teke inn m.a. for å sikre at vernet ikkje skulle bli ei hindring for å ta ut skadegjerande virvellause rovdyr (t.d. kråkeballar og sjøstjerner) dersom desse skulle vise seg å bli eit problem for til dømes nærliggande havbeiteområde for kamskjel eller andre havbruksanlegg. Føremålet var ikkje å opne for industrielt uttak av enkeltartar. Verneforskrifta byggjer på ein føresetnad om at uttak av marine virvellause dyr neppe vil få eit slikt omfang at det kjem i konflikt med føremålsparagrafen (III), der det står at føremålet med vernet er å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl *"med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv"*. Ein slik konflikt kan tenkjast dersom det blir hausta så mykje sniglar, skjell, kråkeballar eller liknande at det t.d. fører til ei påviseleg endring i faunasamansetjinga eller plantelivet. Her spelar det også inn at virvellause, marine dyr det meste av året er føde for fleire fugleartar. Sniglar og skjell på ulike stadium er også viktige næringsemne for andre marine virvellause dyr og fisk, som igjen er føde for organismar høgare i næringskjeda - som t.d. sjøfugl. Innsamling av virvellause dyr (t.d. strandsniglar og kråkeballar) i industriell skala er såleis ikkje ønskjeleg, og maskinell hausting er ikkje tillate etter verneforskrifta.

Med *"når utøvaren ikkje er omfatta av ferdselsforbode"* er det meint ferdsel for yrkesfiskarar og grunneigarar / heimelshavarar i samband med fiske, slik det er skrive i punkt 4. I tillegg viser formuleringa til forbode mot fritidsfiske i 50-metersona i tida med ferdselsforbod (01.04-31.07).

## 4.5 Taretråling

Tennøyane ligg ikkje i lovleg taretrålingsområde slik det er definert av Fiskeridirektoratet. I verneforskrifta for Tennøyane naturreservat er det ikkje opna for taretråling, og det er heller ikkje heimel for å gi dispensasjon for taretråling i naturreservatet.

## 4.6 Akvakulturanlegg

Vernereglane opnar ikkje for å etablere akvakulturanlegg innafor verneområdet. I følgje del IV punkt 3 i verneforskrifta må det *"ikkje setjast i verk tiltak som kan endre dei naturlege tilhøva"*. Her er *"havbruksanlegg"* nemnt som eit tiltak som ikkje kan etablerast i verneområdet. Forbode gjeld alle delar av anlegget, over og under vatn, også fortøyingar.


### Blåskjelanlegg i Tennøysundet

Fiskeridirektoratet gav i brev 01.02.02 Oldersund Skjelldyrking as løyve til dyrking av blåskjel i Tennøysundet. Arealet som i konsesjonen er sett av for blåskjelanlegg ligg søraust for Tennøyane, berre nokre titals meter frå reservatgrensa.





Blåskjelanlegget skal i følge konsesjonen ligge innfor rektangelet som er avmerkt på kartet.



Vernegrensa er merkt med raudt. Konsesjonen opnar altså for blåskjelanlegg litt søraust for naturreservatet, jf. kartet til venstre.

Det er kjent at ærfugl beitar blåskjel og kan gjere skade på blåskjelanlegg. Dette konfliktpotensialet var eit sentralt tema i Fylkesmannen sine fråsegner til søknaden om etablering av anlegg i Tennøysundet. Kommunen har heimel i "Forskrift om felling av viltartar som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon" av 1.9.97 (jf. pkt. II B), til å gje løyve til felling av ei rekkje fugleartar, m.a. ærfugl. For eit blåskjelanlegg som er etablert så nær opp til eit sjøfuglreservat, der det m.a. hekkar ærfugl og der problematikken rundt dette var framme under konsesjonshandsaminga, er det etter vårt syn ikkje naturleg å gje løyve til skadefelling. Fylkesmannen vil be om å få tilsendt eventuelle løyve kommunen gir til skadefelling ved skjelanlegget. Skremming av sjøfugl for å halde dei unna anlegget vil også kunne verke negativt inn på verneverdiane i sjøfuglreservatet.

Det er elles ikkje aktuelt for Fylkesmannen å gje skadefellingsløyve i reservatet for sjøfuglar som reservatet er oppretta for å ta vare på (sjå kapittel 6.2).

## 4.7 Redningsteneste m.m.

Verneforskrifta del V punkt 1 seier at vernet ikkje er til hinder for "Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, rednings-, politi-, brannvern-, oppsyn-, skjøtsel- og forvaltningsverksemd". Det er altså ikkje søknadspiktig å gjennomføre slik verksemd, som dels også omfattar akuttsituasjonar som det ville vere praktisk umogleg å varsle. Forvaltningsstyresmakta ønskjer likevel at slik aktivitet, særleg dersom det skjer i hekketida, blir registrert og rapportert i ettertid. Øving, for å førebu redningsaksjonar m.m., er ikkje omfatta av unntaket og må skje andre stader enn i naturreservata.

## 4.8 Drift og vedlikehold av anlegg

Etter søknad frå Kystverket, gav Fylkesmannen i 2002 dispensasjon frå verneforskrifta for oppføring av to gittermaster. Mastene står på nordvestre del av Tennøyane, og gir navigasjonslys i samband med skipstrafikk til og frå steinbrotet på Dyrstad ytst i Nordgulfjorden. Straumforsyninga er via sjøkabel.

Verneforskrifta del V punkt 2 seier at vernet ikkje er til hinder for ”*Drift og vedlikehold av Kystverket og Televerket sine anlegg, eksisterande kraftliner og sjøkablar og ferdsel i samband med dette.*”

Nødvendig ilandstiging i samband med drift og vedlikehold av gittermastene og tilhøyrande sjøkabel kan altså gjennomførast utan søknad, også i tida med ferdselsforbod.

Drifts- og vedlikehaldsarbeid bør, i den grad det let seg gjere, gjennomførast utanom hekketida som er frå 1.4.-31.07, for å unngå unødig uroing av fuglelivet. Dersom arbeid likevel må gjennomførast i hekketida, vil det vere ønskjeleg at det blir sendt ein kortfatta rapport i ettertid til Fylkesmannen med opplysningar om m.a. dato, varigheit og vêrtilhøve. Ein bør om mogleg velje dagar og tider på døgnet då vêrtilhøva er slik at ein unngår sterk oppheiting eller nedkjøling av egg og fugleungar. Dersom det vert lagt merke til spesielle forhold (t.d. ulovleg ferdsel) vil vi gjerne ha melding om dette også.



*Det står to gittermaster på nordvestre del av Tennøyane.  
Foto: Heidi Sandvik*

## 4.9 Lågtflyging

Det er forbod mot lågtflyging under 300 meter, jf. verneforskrifta del IV punkt 5. I den grad det er aktuelt ønskjer ikkje Fylkesmannen å gje løyve til lågtflyging under 300 meter i hekketida (01.04-31.07). Bakgrunnen for lågtflygingsforbodet er at flyging lågt over bakken uroar fuglelivet og kan i hekketida føre til store negative følgjer for ungeproduksjonen.

## 5 Skjøtsel

Med skjøtsel meiner vi her beiting i regi av grunneigarar eller andre, og tiltak som forvaltningsstyresmakta gir løyve til eller set i gang for å ta vare på naturkvalitetar i samsvar med verneformålet. Dette kan t.d. vere rydding av kratt, trefelling og lyngbrenning.

Verneforskrifta del V punkt 1 seier at vernet ikkje er til hinder for: *”Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, rednings-, politi-, brannvern-, oppsyn-, skjøtsel- og forvaltningsverksemd”*. Skjøtselsverksemd slik det er sagt her, gjeld for tiltak i regi av forvaltningstyresmakta, slik det går fram av del VII: *”Forvaltningsstyresmakta, eller den som forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med føremålet med vernet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som skal innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.”*

Det er såleis ikkje nødvendig med særskilt dispensasjon for skjøtselstiltak som forvaltningsstyresmakta på eige initiativ ønskjer å setje i gang. Dersom det gjeld skjøtsel som trengst for å fremje verneføremålet (med unntak av å setje dyr på beite) er forvaltningsstyresmakta heller ikkje formelt avhengig av løyve frå grunneigar. I praksis ønskjer Fylkesmannen likevel alltid å drøfte skjøtselstiltak med grunneigar i førekant, for å finne fram til mest føremålstenlege måtar å gjere arbeidet på, og unngå unødige ulemper for grunneigar eller andre brukarar. For skjøtselsarbeid som er i samsvar med vedteken forvaltningsplan vil Fylkesmannen varsle grunneigarar før arbeidet blir utført. Vernereglar gir ikkje heimel til å påleggje grunneigarar eller andre å utføre skjøtsel.

Grunneigarar eller andre kan også på eige initiativ søkje om å få gjennomføre skjøtselstiltak i form av *”rydding av vegetasjon m. v. når det ikkje strir mot føremålet med vernet og er i samsvar med godkjent forvaltningsplan”* (del VI, punkt 2). Fylkesmannen vil i utgangspunktet vere positiv til slike førespurnader, så sant dei ikkje er til skade for sjøfuglane eller på andre måtar i strid med verneføremålet.

### 5.1 Generelt om skjøtselsbehov i sjøfuglreservata

I dei siste åra har det vore registrert lite hekkande fugl i fleire av sjøfuglreservata. Sjølv om næringsmangel i havet er ei viktig årsak, skuldast tilbakegang lokalt også at hekkeplassane blir ueigna på grunn av oppslag av tre, kratt og buskar, og at lyngen på mange av øyane på kysten begynner å bli grov. Tilveksten av tre kjem både frå naturleg frøsetjing og frå tidlegare planting av ulike bartre. Det aukande oppslaget av tre i reservata kan skuldast fleire faktorar, som generelt aukande temperatur med aukande tilvekst av tre, at innplanta bartre har begynt å frø seg, eller at beitepresset på øyane har blitt svakare eller opphøyrte heilt. I lange tider har sjøfuglane levd i eit nært samspel med kystbefolkninga. Mange øyar og holmar som tidlegare vart nytta som utmarksbeite ligg i dag ubrukte. Dette har ført til store endringar i vegetasjonen.

Gjengroinga gjer at store delar av enkelte reservat ikkje kan nyttast av sjøfuglane. Vegetasjonen på bakken og trea hindrar utsynet for rugande sjøfuglar, og gjer at dei ikkje føler seg trygge. Trea fungerer dessutan som tilhaldsstader og beskytta sitjeplassar for egg- og ungerøvarar som kråke og ramn, som i ope terreng ville blitt jaga vekk av dei hekkande fuglane.

For å ta vare på det tradisjonelle kystlandskapet som sjøfuglreservata representerer, og sikre eigna hekkeområde for sjøfugl, er det viktig å fokusere på skjøtsel. Dei mest aktuelle skjøtselstiltaka er:



- Rydding av skog og kratt
- Lyng- og grasbrenning
- Beiting av husdyr, særleg av sau

Endringane i vegetasjonen er først og fremst eit problem for reservata i dei midtre og indre kyst- og fjordstrøka. For dei reservata som ligg ut mot opne havet, er endringane i vegetasjonen minimale (på grunn av vêrtilhøva eller manglande jordsmonn). I tillegg er det også ein del sjøfuglreservat som enno blir nytta som utmarksbeite for husdyr. I ein stor del av sjøfuglreservata som vart oppretta i 1993 er det såleis ikkje behov for ekstraordinære skjøtselstiltak for å gjere områda meir eigna for hekking.

## 5.2 Om behovet for skjøtselstiltak i Tennøyane naturreservat

Talet på hekkande fuglar i Tennøyane naturreservat har gått sterkt tilbake siste åra. I tillegg til næringsmangel i sjøen kan dette også dels skuldast tilgroing med grov lyng i delar av reservatet. Når lyngen blir grov og høg er han mindre eigna som hekkeareal for sjøfugl. Store delar av dette reservatet er likevel i bra stand og eigna for hekking. Det står berre nokre få, små lauvtre på øyane i dag. Sau på beite bidreg til å halde vegetasjonen nede, og beiting er derfor ønskjeleg. Det er eit mål å halde vegetasjonen låg og unngå at tre og kratt veks opp på holmane i framtida.



*Tennøyane sett frå sør, med steinbrotet i Dyrstad i bakgrunnen. Foto: Heidi Sandvik*



*Delar av reservatet er graskledd og godt eigna for hekking for sjøfugl. Foto Heidi Sandvik*



*Dei delane av holmane som er dekt av til dels grov røsslyng blir i mindre grad nytta som hekkeområde. Foto Heidi Sandvik*

## 5.3 Framtidige skjøtselstiltak i Tennøyane naturreservat

### Beiting:

Tennøyane naturreservat er eit av dei sjøfuglreservata der det framleis er sau på beite, og det er ønskjeleg at dette held fram. Beitinga er viktig for å halde vegetasjonen låg og for å unngå at området gror att med tre og buskar. Ein bør likevel vere på vakt overfor både gjengroing på den eine sida og omfattande trakkskade og erosjon på den andre sida. Det er påvist at sau kan gjere skade på fuglereir gjennom trakk, og vi rår difor til å vere bevisst på at talet på beitedyr ikkje er for høgt i rugetida. Men Tennøyane er av ein slik storleik at trakkskade på reira truleg vil vere eit lite problem. Sjå meir om beiting under kapitlet om brukarinteresser.

### Brenning:

Tennøyane er framleis i bra tilstand som hekkeområde, men på delar av øyane begynner røsslyngen å bli grovaksen og lite eigna for sjøfugl. Det kan såleis vere behov for lyngbrenning. Skjøtselsarbeid som omfattar brenning bør som ein hovudregel skje vinter/tidleg vår, med frost eller nok fukt i bakken, slik at ein ikkje brenn vekk frø og humuslag. Generelt må open brenning avklarast med kommunen, sidan kommunane kan fastsetje lokale forskrifter (etter forureiningslova § 9), der dei har høve til å snevre inn eller utvide kva som skal vere tillate avfallsbrenning. Bremanger kommune har pr. i dag ikkje fastsett slik forskrift. Forureiningslova § 8 seier at "vanlig forureining" frå fiske, jordbruk og skogbruk m.m. er tillate dersom det ikkje er gitt særlege forskrifter etter § 9. Brannvesenet og kommunen må varslast før brenning, og det kan også vere gunstig å melde frå om tiltaket i lokale media på førehand.

### Rydding av tre og kratt:

Det står berre nokre få, små lauvtre på holmane i dag. Tre, buskar og kratt som veks opp bør fjernast før det blir så høgt og av eit slikt omfang at det reduserer kvaliteten av området som hekkeplass for sjøfugl. Vegetasjonen bør haldast så låg at han ikkje tek den frie utsikta for fuglar som ligg på reir, gir færre reirplassar eller kan fungere som sitjeplassar/skjul for eggrovarar som kråke og ramn. Det kan likevel stå att noko kratt av krypeiner nærast sjøen der dette finst, sidan slikt einekratt gir hekkeplassar for ærfugl.

Arbeidet må bli gjort manuelt utanom tida med ferdselsforbod. Grunneigarar vil bli orienterte om skjøtselsarbeid (både rydding og brenning) i forkant, og vil såleis få høve til å kome med innspel til korleis arbeidet skal gjerast.

For å unngå oppslag av rotskot der lauvtre/kratt er fjerna, kan det i enkelte naturreservat vere aktuelt med bruk av stubbebehandlingsmiddel. Sjølv om det er svært små mengder som eventuelt vert brukt, er plantevernmiddel i naturreservat kontroversielt, og eit viktig prinsipielt spørsmål. Bruk av kjemiske middel er forbode i verneforskrifta del IV punkt 3, og vil normalt ikkje verte tillate i naturreservat. På den andre sida er sjøfuglreservata, oppretta først og fremst med tanke på sjøfuglane og ikkje ut frå særlege kvalitetar ved vegetasjonen eller det ein kan kalle eit "urørt økosystem". Oppskot av tre og buskar grip så direkte negativt inn i verneføremålet i dei reservata der det veks lauvskog, at Fylkesmannen meiner det kan vere rett å bruke plantevernmiddel i sjøfuglreservat der ein ikkje klarer å halde skog og kratt nede på anna måte. Bruk av beitedyr er likevel klart å føretrekkje. Stubbebehandling er såleis mest aktuelt på øyar/holmar der ein ikkje får til ordning med beitedyr.

Sidan Tennøyane berre har nokre få lauvtre, er stubbebehandling truleg lite aktuelt på Tennøyane. For alle tilfelles skuld tek vi likevel med at eventuell stubbebehandling må skje ved smørjing eller dryping på stubbane, og ikkje ved sprøyting som kan treffe vegetasjonen rundt. Behandlinga må skje på frisk snittflate, anten same dag som ryddinga, eller ved at ein

kappar nye snittflater før behandling. Beste tida for behandling er om hausten medan sevja er på veg mot rota.

Stubbebehandling representerer så varsam bruk av plantevernmiddel at det ikkje kjem inn under forskrifta av 4.8.1987 om "spredning av plantevernmidler i skog". Nokre av prinsippa i den forskrifta (t.d. meldeplikt) kan likevel vere nyttige som rettesnor for eventuell bruk av plantevernmiddel i naturreservat. Fylkesmannen vil ta kontakt med grunneigar for å avklare bruk av stubbebehandling, dersom det skulle bli aktuelt å prøve ut dette.

#### Forsøpling

Søppel som driv i land tek vi sikte på å fjerne ved behov.

## 5.4 Praktisk gjennomføring av skjøtselstiltak (vegetasjonsrydding)

#### Kor ofte

Det er vanskeleg å seie eksakt kor ofte skjøtsel i form av lyngbrenning og eventuelt tre- og krattrydding bør utførast. Vi føreslår fysiske mål for når slik skjøtsel bør skje med tanke på å oppretthalde gode hekkeforhold:

- Lyngbrenning er aktuelt når lyngen når ei høgd på 40 cm.
- Rydding bør skje før lauvtre og kratt når ei høgd på 1 meter.

Brenning, og rydding av kratt, kan gjennomførast oftare, m.a. på bakgrunn av behov for å betre beiteforholda. Grunneigarar kan søkje om løyve til rydding av vegetasjon (brenning, fjerning av kratt/tre m.m.).

#### Når på året

- Brenning bør som ein hovudregel skje i tida frå januar til midten av mars, når jordsmonnet er frose eller fuktig
- Rydding av tre og kratt kan skje heile året med unntak av i hekketida (1.04. - 31.07)
- Eventuell stubbebehandling bør skje i perioden frå august til oktober – ta ut?.

Statens naturoppsyn (SNO) gjennomfører skjøtsel (rydding og brenning) på oppdrag frå Fylkesmannen. SNO eller Fylkesmannen hentar inn ekstra arbeidskraft etter behov. Grunneigarar kan også gjennomføre skjøtselstiltak som er i samsvar med forvaltningsplan, etter løyve/fullmakt frå forvaltningsstyresmakta. Dersom det skal gjennomførast stubbebehandling vil Fylkesmannen utføre arbeidet.

#### Kostnader

Skjøtsel utført av SNO blir dekt av årlege tildelingar til Fylkesmannen og SNO frå Direktoratet for naturforvaltning. Grunneigarar kan heilt eller delvis få dekt kostnader (til arbeid og materiell) til skjøtelsarbeid etter avtale med Fylkesmannen.

#### Dokumentasjon

Statens naturoppsyn registrerer (loggfører) alle skjøtselstiltak dei gjennomfører i naturreservatet. Også grunneigarar må dokumentere (med foto, helst både før og etter) skjøtelsarbeid når utgiftene blir dekte av forvaltningsstyresmaktene.

#### Rapportering

Ein enkel rapport skal sendast til Fylkesmannen ved alle tiltak i naturreservatet, slik at forvaltningsstyresmakta får oversikt over når ting har vorte gjort.

## 6 Tilstandsovervaking og forvaltning

### 6.1 Overvaking av tilstand og oppfølging av bevaringsmål

For å kunne vurdere om tilstanden i naturreservatet er i samsvar med bevaringsmåla for det enkelte naturreservat, må vi følgje med på endringane i hekkebestanden over tid (sjå kap 3.4 om bevaringsmål). Det er også viktig å følgje med på kva effektar utførde skjøtseltiltak har på bestandane av hekkande sjøfugl og andre tilhøve i verneområdet, og å vurdere behovet for framtidige skjøtseltiltak. Systematisk innsamling av data over tid for sjøfuglreservata i fylket gjer oss i stand til å følgje utviklinga i bestandar både i ein skilde naturreservat og for større geografiske område samla, slik at tilstanden i sjøfuglreservata kan sjåast i ein større samanheng. Sjøfuglane sin suksess eller manglande suksess med ungeproduksjon er dessutan ein god indikator for den generelle tilstanden i havområda.

#### Tilstandsovervaking av hekking og hekkeplassar

Det ville vere ønskjeleg å gjennomføre teljingar årleg, men i praksis er det vanskeleg å kome over alle sjøfuglreservata i fylket på ein og same teljerunde. For kvart ein skild reservat kan det derfor vere eit meir realistisk mål å telje anna kvart år. Sjøfuglteljingane skjer i regi av forvaltningsstyresmakta (Fylkesmannen). Fylkesmannen med eige personale, og/eller innleigde personar, gjennomfører teljingane. Statens naturoppsyn sitt lokalkontor i Florø stiller med båt og deltek på teljinga når det er høve til det.

Metodikken for teljingane tek utgangspunkt i Norsk institutt for naturforskning sin takseringsmanual frå 1989 og eventuelle oppdateringar.

Resultat for sjøfuglteljingane blir samla i ein årleg fellesrapport for heile fylket, som blir lagd ut på Fylkesmannen sine heimesider ([www.fylkesmannen.no/sfi](http://www.fylkesmannen.no/sfi)) og på Miljøstatus i Sogn og Fjordane ([www.sognogfjordane.miljostatus.no](http://www.sognogfjordane.miljostatus.no)).

Sjøfuglreservata er i liten grad kartlagde når det gjeld vegetasjon og artssamfunn utanom sjøfugl. Fylkesmannen ser det heller ikkje som realistisk å prioritere slik kartlegging dei næraste åra, då det neppe er dette som er mest kritisk i høve til verneføremålet. Likevel kan det vere av verdi å få meir kunnskap om anna dyreliv og vegetasjon på dei ulike holmane, for betre å kunne vurdere val av skjøtseltiltak og verknadene av det som vert gjort. Aktuelle problemstillingar er førekomst av planteartar som krev spesielle omsyn, hiområde for oter og om det finst einstape som kan bli eit problem etter lyngbrenning.

#### Tilstandsovervaking av nærings situasjon

Den generelle nærings situasjonen i havet, i form av storleik på viktige fiskebestandar, er i stor grad felles for alle sjøfuglreservata, og må bli handsama på overordna nivå. I tillegg kan hekkebestandar og hekkesuksess til ein viss grad vere knytt til meir lokale næringsressursar, til dømes i tareskog. I dag ser vi ikkje grunn til å prioritere undersøking av dette i tilknytning til Tennøyane naturreservat. Dersom bruken av tilstøytande sjøareal tek ei utvikling som tilseier fare for auka press mot viktige ressursar for sjøfuglane, vil Fylkesmannen likevel vurdere behovet for overvaking av t.d. sjøbotn og undervassmiljø i og nær Tennøyane naturreservat.

## 6.2 Praktisering av dispensasjonsheimlane i verneforskrifta

Det er unntak i verneforskrifta for ein del tiltak og aktivitetar som kan gjennomførast utan å søkje om løyve. Desse unntaka går fram av verneforskrifta del V, og nokre av dei er nærare omtalt i kap 4 om brukarinteresser. Andre tiltak og aktivitetar må det søkjast om løyve for. Aktuelle heimlar i verneforskrifta for tiltak og aktivitetar i Tennøyane naturreservat er utdjupa nedanfor. Nokre av tiltaka og aktivitetane det kan søkjast om, er nærare omtalte i kapitlet om brukarinteresser.

### Spesifisert dispensasjonsheimel

I verneforskrifta del VI er det nemnt to typar tiltak i naturreservatet som forvaltningsstyresmakta kan vurdere å gje løyve til:

*”Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:*

- 1. Felling av vilt som valdar vesentleg skade.*
- 2. Rydding av vegetasjon m.v. når det ikkje kjem i strid med føremålet med vernet, og er i samsvar med godkjent forvaltningsplan.”*

1. Det er kjent at mink kan valde vesentleg skade i sjøfuglreservat. Minken er ein innført, amerikansk art, og det vil derfor vere kurant å få løyve til fellefangst av mink i naturreservatet utanom ferdselsforbodstida. Det er ikkje ønskjeleg med slik aktivitet i hekketida, med mindre det er dokumentert vesentleg skade for hekkande sjøfugl og vi reknar med at uttak av mink kan redusere dei negative konsekvensane på kort sikt. Ramn og kråke som hekkar i/nær sjøfuglreservat kan også gjere stor skade. Det er eit mål å halde reservatet fritt for tre som kan vere hekkeplass for kråke. Dersom det skulle bli aktuelt med andre former for jakt på skadegjerande vilt enn fellefangst på mink, vil Fylkesmannen gje denne oppgåva til SNO.

I tillegg til skade som rammar verneverdiane, kan Fylkesmannen i prinsippet også gje løyve til felling av vilt i reservatet som gjer vesentleg skade på andre verdiar. Det vil då vere ein føresetnad at fellinga er av stor verdi for samfunnet utan at verneverdiane blir nemneverdig skadelidande. Felling av sjøfuglar som reservatet er oppretta for å ta vare på er likevel ikkje aktuelt. T.d. vil det vere uaktuelt å gje løyve til felling av ærfugl som valdar skade på det nærliggande blåskjelanlegget i Tennøysundet. Bakgrunnen for dette er at potensialet for konflikt mellom ærfugl og blåskjelanlegget var ei kjend problemstilling, men at ein likevel valde å etablere anlegget på staden.

2. Grunneigar, eller andre på vegne av eller med samtykkje frå grunneigar, kan søkje om løyve til å rydde vegetasjon. Dette kan vere ønskje om å t.d. brenne lyng/gras og fjerne kratt for å gje betre tilhøve for dyr på beite eller å halde vegetasjonen nede av andre grunnar. Kapittel 5.3 og 5.4 omtalar aktuelle skjøtselstiltak nærare.

### Generell dispensasjonsheimel

Naturvernlova av 1970 vart avløyst av ”Lov om forvaltning av naturens mangfold” (naturmangfaldlova) frå 1.7.2009. I følgje overgangsregelen i § 77 i naturmangfaldlova gjeld framleis eldre verneforskrifter. Likevel gjeld naturmangfaldlova § 48 i staden for den generelle dispensasjonsheimelen i gamle verneforskrifter. Dette betyr at søknader om dispensasjon ikkje skal handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i denne verneforskrifta (del VIII), men etter reglane i § 48 i naturmangfaldlova. Den spesifiserte dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (del VI) gjeld derimot framleis.



**Naturmangfaldlova § 48** (dispensasjon frå vernevedtak):

*"Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

*I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.*

*Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.*

*Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette."*

Av teksten ovanfor går det fram at naturmangfaldlova § 48 opnar for at det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje kjem i strid med føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig.

Vilkåret om at tiltaket *"ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig"* inneber at dispensasjonstilgangen er snever. Dette gjeld i første rekkje bagatellmessige inngrep eller forbigåande uroingar som har stor verdi for søkjar, men som ikkje fører til nemneverdig ulempe for verneverdiane. Dersom det er usikkert kva verknader eit tiltak kan ha for naturmiljøet, bør føre-var-prinsippet leggest stor vekt på.

Eit anna vilkår er at tiltaket *"ikke strider mot vernevedtakets formål"*. Her må det vurderast om tiltaket er i strid med dei overordna målsettingane for naturreservatet. Denne dispensasjonsheimelen er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette tilfelle eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurderte på vernetidspunktet. Det må her leggest vekt på at verneføremålet ikkje skal verte svekka på sikt ved ei bit-for-bit-forvaltning, ved at mange mindre inngrep/hendingar kan få store konsekvensar for verneføremålet i sum.

Dispensasjon for "vitskaplege granskingar" (jf. verneforskrifta del VIII) er ikkje vidareført i naturmangfaldlova. Slike saker skal vurderast etter dispensasjonsheimelen for tiltak som *"ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig"* i § 48. Dette gjeld då i første rekkje dispensasjonar som er nødvendige for forskning. Eksempel på nødvendig forskning kan vere sjøfuglteljingar. Det kan vere aktuelt å gje løyve til illandstiging i tida med ferdselsforbod for å taksere/telje reir, ringmerke fugleungar etc., for å framskaffe data som er viktig for forvaltninga av verneområdet. Nyttan av granskingane eller forskingsprosjektet skal i kvart tilfelle vurderast opp mot dei ulemper forskinga medfører. Forskingsaktivitet som ikkje treng å lokalisast til eit verneområde, bør skje utanfor verneområdet.

Dispensasjon av omsyn til *"vesentlige samfunnsinteresser"* i naturmangfaldlova § 48 er ei vidareføring av tilsvarande dispensasjonsheimel i verneforskrifta. Dette gjeld tiltak der heilt

særskilde forhold føreligg, jf omgrepet "vesentleg", og er primært berre aktuelt for tiltak av nasjonal interesse. Døme kan vere ledd i nasjonalt viktig infrastruktur. I praksis er denne heimelen lite brukt, då ei forskriftsendring (med formell høyring) gjerne er eit betre alternativ. Generelt er slike tiltak lite aktuelle i sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane.

Dispensasjon når "*sikkerhetshensyn gjør det nødvendig*" er ein ny heimel i naturmangfaldlova. Det vert her sikta til m.a. sikkerheit for liv og helse, smittsame sjukdommar frå dyr og sikkerheit mot omfattande og direkte skade på eigedom. Generelt er slike sikringstiltak lite aktuelle i sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane.

## 6.1 Sakshandsaming ved dispensasjonssøknader

Søknader om dispensasjon frå verneforskrifta skal vere skriftleg og sendast (som brev eller e-post) til forvaltningsstyresmakta (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane), som avgjer om det skal gjevast løyve. Det kan berre gjevast dispensasjon dersom det finst heimel for det i verneforskrifta eller i § 48 i naturmangfaldlova.

Naturmangfaldlova § 48 inneheld særskilde krav til søknader og grunngjeving av dispensasjonar gitt etter dei generelle dispensasjonsreglane. Det går fram at søknader skal innehalde nødvendig dokumentasjon om verknaden tiltaket vil få for verneverdiane. Dispensasjonsvedtak skal innehalde ei grunngjeving som viser korleis forvaltningsstyresmakta har vurdert verknadane som dispensasjon kan få for verneverdiane, og kva vekt det er lagt på dette.

Ved vurderingar som har bakgrunn i verneforskrifta skal bakgrunnen for opprettinga av verneområdet tilleggast stor vekt. Dersom det er knytt usikkerheit til kva verknader eit tiltak kan få for naturmiljøet/verneverdiane, vil føre-var-prinsippet bli tillagt stor vekt, særleg dersom det er snakk om moglege irreversible verknader. I naturmangfaldlova §§ 8-12 er det, i tillegg til føre-var-prinsippet, fastsett fleire prinsipp som skal brukast ved handsaming av enkeltsaker.

Når det vert gitt løyve til tiltak eller aktivitetar i naturreservat blir det vanlegvis knytt vilkår til løyvet, for m.a. å motverke moglege skadeverknader. Skriftleg løyve skal takast med ved opphald/ferdsel i verneområdet, og kunne visast fram på førespurnad. Ein enkel rapport om tiltaket skal sendast til Fylkesmannen i ettertid, slik at forvaltningsstyresmakta får oversikt over tiltak som er gjennomførde i verneområdet.

Dersom dispensasjon vert gitt, vil dispensasjonen berre gjelde i forhold til verneforskrifta. Den som får løyvet må sjølv sørge for å avklare tiltaket med eventuelle andre styresmaketer og grunneigarar.

Fylkesmannen si avgjerd på søknad om dispensasjon kan klagast inn for Direktoratet for naturforvaltning (DN) av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse, med ein frist på tre veker. Klagen skal sendast til Fylkesmannen, som også kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokument. Dersom Fylkesmannen ikkje tek klagen til følgje vert saka send vidare til DN for endeleg avgjerd.

## 6.2 Skilting og informasjon

For å unngå ulovleg ferdsel og ilandstiging i naturreservata er det sett opp skilt på stader der det er naturleg å legge til med eller dra opp båt. Det er viktig at desse skilta er på plass, og at dei raskt blir erstatta med nye dersom dei blir borte.

Med ein stadig veksande privat småbåtflåte på kysten og i fjordane, er det viktig å informere sjøfarande om vernet og om ferdselsforbodet i hekketida. Vi ser det også som eit mål å informere om fuglelivet og naturkvalitetane i sjøfuglreservata. Fylkesmannen er i gang med å utarbeide informasjonsplakatar om naturreservata i fylket, med m.a. kart, foto og vernereglar, til å hengje opp der båtfolk ferdast (t.d. næraste større småbåthamn).



Standart verneskilt i sjøfuglreservata.  
Foto: Heidi Sandvik

Det er tidlegare utarbeidd ein informasjonsfoldar om sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane, med kart og informasjon om vernereglar m.m. Denne foldaren kan ein få tilsendt ved å kontakte Statens naturoppsyn i Florø. På nettstaden "Miljøstatus i Sogn og Fjordane" ([www.sognogfjordane.miljostatus.no](http://www.sognogfjordane.miljostatus.no)), under "naturområde", finn du også informasjon om alle sjøfuglreservata og andre verneområde i fylket.

## 6.3 Ilandstiging i hekketida - rapportering

Når det blir gitt dispensasjon som omfattar ilandstiging i eit sjøfuglreservat blir det normalt stilt krav om rapport i ettertid, for at Fylkesmannen skal få ei best mogleg oversikt over aktiviteten i området. Dette er særleg viktig ved løyve i hekketida, sidan uroing i hekketida kan føre til dårleg hekkesultat. Informasjon om ilandstiging/ferdsel er såleis viktig for å kunne vurdere og forstå årsakssamanhengar og svingingar i hekkesuksessen for enkeltområde.

For tiltak/aktivitet som er heimla i verneforskrifta del V (dvs. som det ikkje er krav om søknad for), t.d. tilsyn med sau på beite eller vedlikehald av riggmaster, er det ikkje rapporteringskrav. For å få til ei best mogleg forvaltning av verneverdiane, er det likevel ønskjeleg for Fylkesmannen å få informasjon dersom ilandstiging skjer i hekketida. Det er nok med ein enkel rapport om føremålet med ilandstiging, dato, klokkeslett, lengda på opphaldet og gjerne vêrforhold. Det er også ønskjeleg med melding om andre spesielle tilhøve som eventuelt vert lagt merke til, t.d. verneskilt som er borte, mink som gjer skade, ulovleg ferdsel m.m. Slike opplysningar kan vere til stor hjelp i forvaltningsarbeidet.

Ilandstiging bør så sant det er mogleg skje utanom hekketida. Når det likevel

er nødvendig å gå i land i hekketida, og ein har løyve til dette, ser vi det som ønskjeleg at det skjer på dagar og tider på døgnet då vêret og temperaturen er slik at ein unngår nedkjøling (kald vind/låg temperatur) eller overoppheiting (varmt og solsteik) av egg og fugleungar. Ilandstiging i hekketida bør uansett vere så kortvarig som mogleg.

## 6.4 Statens naturoppsyn - kontaktinformasjon

Naturoppsynet gjer ein viktig jobb med m.a. informasjons-, oppsyns-, registrerings-, dokumentasjons- og skjøtselsarbeid i sjøfuglreservata. Hovudkontoret til SNO ligg i Trondheim, med adresse Tungasletta 2, 7485 Trondheim, og telefonnummer 73 58 09 25. SNO har ca. 50 lokalkontor spreidd over heile landet. Det er lokalkontoret i Florø, ved Tore Gundersen, som har sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane som ansvarsområde. Adressa er SNO Florø, Kinnveien 26, 6900 Florø, e-postadressa er [tore.gundersen@dirnat.no](mailto:tore.gundersen@dirnat.no) og telefonnummeret 57 74 18 92 / 970 05 288.



Flyfoto av dei to Tennøyane, henta frå [www.norgebilder.no](http://www.norgebilder.no)

## 7 Kjelder

Direktoratet for naturforvaltning 2001. Forvaltning av verneforskrifter, Rundskriv november 2001 Naturvernloven.

Direktoratet for naturforvaltning. Håndbok 17-2001 Revidert 2008 Områdevern og forvaltning.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1991, Verneplan for sjøfugl, Delplan 5; Sogn og Fjordane, Fylkesmannen si tilråding etter endeleg lokal høyring m. m

Godø, G. 1979. Sjøfugl i Sogn og Fjordane. Rapport frå registreringar i Selje, Vågsøy, Bremanger, Flora og Askvoll kommuner sommaren 1979. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Godø, G. 1982. Sjøfuglregistreringar i Sogn og Fjordane sommaren 1982. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Godø, G. 1983. Sjøfuglregistreringar i Sogn og Fjordane sommaren 1983. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga.

Godø, G. 1984. Rapport frå sjøfuglregistreringane i Sogn og Fjordane sommaren 1984. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga.

Godø, G. 1991. Verneplan for sjøfugl, delplan 5: Sogn og Fjordane. Miljøverndepartementet og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Godø, G. 1995. Registrering av sjøfugl i Sogn og Fjordane i 1994 og 1995. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga.

Godø, G. 2000. Registrering av kyst- og sjøfuglbestandar og tilstandsvurdering av sjøfuglreservat i Selje, Vågsøy, Bremanger, Flora og Askvoll kommunar 01.-16.06.2000. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga.

Larsen, B.H. 2006. Sjøfuglregistreringar på Vågsøy i Sogn og Fjordane i perioden 1999-2006. Miljøfaglig Utredning Rapport 2006:74.

Larsen, T. 2005a. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2003 og 2004. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 6-2005.

Larsen, T. 2005b. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2005. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 11-2005.

Larsen, T. 2006. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2006. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 5-2006.

Larsen, T. 2007. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2007. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 5-2007.

Larsen, T. 2008. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2008. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 8-2008.

Lov 1970-06-19 nr. 63: Lov om naturvern. Miljøverndepartementet

Lov 2009-06-19 nr 100: Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven). Miljøverndepartementet.

Lovdata, 18.02.2005. Forskrift om velferd for småfe. Landbruks- og matdepartementet.

Miljøverndepartementet 1999. St. meld. nr. 43 (1998-99) Vern og bruk i kystsona. Tilhøvet mellom verneinteresser og fiskerinæringane.

Miljøverndepartementet, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1991, Verneplan for sjøfugl delplan 5: Sogn og Fjordane 1991

Miljøverndepartementet 1993. Kongeleg resolusjon, Verneplan for sjøfugl i Sogn og Fjordane

Måren I.E & Ekelund, K. 2005. Einstape – hvordan bekjempe den i kulturlandskapet. Blyttia 147-155.

Norderhaug, A., Austad, I., Hauge, L. & Kvamme, M. 1999. Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker. Kap. 10 Kystlynghei. Landbruksforlaget 1999.

TemaNord 2008. Vest-Nordiske sjøfugler i et presset miljø. Rapport fra en nordisk workshop Torshavn, Færøyene 26-29. september 2007. TemaNord 2008:573.

# 8 Vedlegg

## 8.1 Vedlegg I – Verneforskrifta

### **Forskrift om vern av Tennøyane naturreservat, Bremanger kommune, Sogn og Fjordane.**

Fastsett ved kgl.res. av 28. mai 1993. Fremja av Miljøverndepartementet. Endret 13. april 1994 nr. 559.

#### I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, jfr. § 10 og §§ 21, 22 og 23 er dei to øyane Tennøyane og omliggande sjøareal i Bremanger kommune i Sogn og Fjordane fylke verna som naturreservat ved kgl.res. av 28. mai 1993 under namnet Tennøyane naturreservat.

#### II

Det verna området femner om delar av gnr./bnr. 41/1.

Reservatet dekkjer eit areal på om lag 348 da, av dette er om lag 151 da landareal.

Grensene for reservatet er vist på kart i målestokk 1:5.000, datert Miljøverndepartementet januar 1993. Kartet og verneforskrifta er arkivert i Bremanger kommune, hos fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkast i marka der dei går over land, og knekkpunkta bør koordinatfestast.

#### III

Føremålet med vernet er å gje sjøfuglane gode og trygge livsvilkår, og å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

#### IV

For reservatet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon i vatn og på land er verna mot alle former for skade og øydelegging. Nye planteartar må ikkje innførast.
2. Dyre- og fuglelivet, herunder reirplassar og hiområde er verna mot skade og øydelegging.  
Bruk av skytevåpen er forbode. Hundar skal haldast i band. Utsettjing av vilt er forbode.
3. Det må ikkje setjast iverk tiltak som kan endre dei naturlege tilhøva, som t.d. oppføring av bygningar, brygger, anlegg og faste innretningar, havbruksanlegg, opplag av båtar o.l., framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse over eller under havflata, tømning av avfall, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte ureiningstilførsler og bruk av kjemiske middel. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1.april til og med 31.juli er det i reservatet forbod mot ilandstiging og ferdseil på alt landareal, inkludert øyar, holmar og skjær, og i ei sone ut til omlag 50 meter frå land. Båtcamping og sportsdykking i 50 m sona, camping, teltslåing og oppsetjing av kamouflasjeinnretningar for fotografering er forbode.
5. Lågtflyging under 300 m er forbode.

## V

Reglane i punkt IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, rednings-, politi-, brannvern-, oppsyn-, skjøtsel- og forvaltningsverksemd.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket og Televerket sine anlegg, eksisterande kraftliner og sjøkablar og ferdsel i samband med dette.
3. Tradisjonelt sauebeite, og naudsynt ferdsel i samband med tilsyn av beitedyr, gjødsling av beite og vedlikehald av eksisterande gjerde m.v.
4. Allmenn ferdsel i oppmerka skipslei og naudsynt ferdsel med båt i samband med yrkesfiske for manntalsførte fiskarar med fiskeregistrerte båtar, og grunneigarar/heimelshavarar i samband med utøving av gjeldande fiskerettar i tida med ferdselsforbod.
5. Bær-, sopp- og blomsterplukking utanom tida med ferdselsforbod.
6. Fiske, og fjerning av marine, virvellause dyr for hand, etter gjeldande lover og forskrifter når utøvaren ikkje er omfatta av ferdselsforbodet.

0 Endret 13. april 1994 nr. 559.

## VI

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

1. Felling av vilt som valdar vesentleg skade.
2. Rydding av vegetasjon m.v. når det ikkje strir mot føremålet med vernet og er i samsvar med godkjent forvaltningsplan.

## VII

Forvaltningsstyresmakta, eller den som forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med føremålet med vernet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som skal innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtseltiltaka.

## VIII\*

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå verneforskrifta når føremålet med vernet tilseier det, for vitskaplege granskingar, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet og i andre særskilde høve når det ikkje strir mot føremålet med vernet.

## IX

Forvaltninga av verneforskrifta er lagt til fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

## X


Denne forskrifta tek til å gjelde straks.

\* *Naturmangfaldlova § 48 gjeld i staden for den generelle dispensasjonsheimelen (VIII) i denne forskrifta. Sjå kapittel 6.2. i denne rapporten for meir informasjon om dette.*



## 8.2 Vedlegg II – kart som viser vernegrensene

Kopien av vernekartet er ikkje i rett målestokk.



**Rapportane finn du på Miljøstatus: <http://sognogfjordane.miljostatus.no>**

<b>2008:</b>	
1-2008	<a href="#">Forvaltningsplan Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden</a> . ISBN 978-82-91031-92-7
2-2008	<a href="#">Stølane i Mørkridsdalen - Far etter folk</a> . ISBN 978-82-91031-97-2 (Stor fil, 40 MB)
3-2008	<a href="#">Kloppemyrane naturreservat i Gloppen kommune</a> . Forvaltningsplan. ISBN 978-82-91031-98-9
4-2008	<a href="#">Prosjekt Opne landskap</a> . Sluttrapport for hovudprosjektet, mars 2005 - april 2008. ISBN 978-82-91031-99-6
5-2008	<a href="#">Rettleiingshefte for utsiktsrydding langs veg</a> , Prosjekt Opne landskap 2005 – 2008. ISBN 978-82-92777-00-8
6-2008	<a href="#">Rettleiingshefte for landskapspleie med geit og kje</a> , Prosjekt Opne landskap 2005 - 2008. ISBN 978-82-92777-01-5
7-2008	<a href="#">Prøvefiske i 26 vatn og ei elv i Sogn og Fjordane i 2007</a> . ISBN 978-82-92777-02-2
8-2008	<a href="#">Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2008</a> . ISBN 978-82-92777-03-9
2008	<a href="#">Olivinskogene i Norge</a> . Rapport 2008:06 gir ei oppsummering av status og verdi. Den er utgjeven i samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
<b>2007:</b>	
1-2007	Utgår
2-2007	<a href="#">Forvaltningsplan Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde</a> . ISBN 82-91031-93-2/ISBN 978-82-91031-93-4
3-2007	<a href="#">Verneframlegg for Krakksfjellet naturreservat</a> . ISBN 82-91031-94-0/ISBN 978-82-91031-94-1
4-2007	<a href="#">Prøvefiske i 14 regulerte vatn i Sogn og Fjordane i 2006</a> . ISBN 82-91031-95-9/ISBN 978-82-91031-95-8
5-2007	<a href="#">Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2007</a> . ISBN 82-91031-96-7/ISBN 978-82-91031-96-5
<b>2006:</b>	
1-2006	<a href="#">Bygder i Sogn og Fjordane - tilstandsanalyse 2005</a> . ISBN 82-91031-87-8
2-2006	<a href="#">Framlegg til verneplan for edellauvskog i Sogn og Fjordane</a> . ISBN 82-91031-88-6
3-2006	<a href="#">Fisk i regulerte vassdrag</a> . Sluttrapport 2001 - 2004. ISBN 82-91031-89-4
4-2006	<a href="#">Ungfiskregistreringar i Lærdalselva hausten 2005</a> . ISBN 82-91031-90-8
5-2006	<a href="#">Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane 2006</a> . ISBN 82-91031-91-6
<b>2005:</b>	
1-2005	<a href="#">Endringer i vegetasjonen (suksesjoner) i Flostranda naturreservat, Stryn</a> . ISBN 82-91031-70-3
2-2005	<a href="#">Forvaltningplan for Nærøyfjordområdet; Verdsarvnominasjon: Vestnorsk fjordlandskap, Nærøyfjorden (framlegg)</a> ISBN 92-91031-71-1
3-2005	<a href="#">Vern av Statskog SF sin grunn. Område i Sogn og Fjordane fylke. Luster allmenning</a> . ISBN 82-91031-73-8
4-2005	Biologiske undersøkingar i Utladalen landskapsvernområde. Vedboande sopp på furu i Vettismorki. Lav og mose i edellauvskog i Utladalen. ISBN 82-91031-74-6
5-2005	<a href="#">Prosjekt Kulturlandskap og attgroing</a> . ISBN 82-91031-75-4
6-2005	<a href="#">Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2003 og 2004. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata</a> . ISBN 82-91031-76-2
7-2005	<a href="#">Prøvefiske i 16 regulerte vatn i Sogn og Fjordane i 2004</a> . ISBN 82-91031-77-0
8-2005	<a href="#">Ungfiskregistreringar i åtte regulerte elvar i Sogn og Fjordane i 2004</a> . ISBN 82-91031-78-9
9-2005	<a href="#">Sluttrapport - Naturbruksprosjektet</a> . ISBN 82-91031-79-7
10-2005	<a href="#">Det moderne klyngetun - buplass for fleire enn bønder</a> . ISBN 82-91031-80-0
11-2005	<a href="#">Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane 2005</a> . ISBN 82-91031-81-9
<b>2004:</b>	
1-2004	<a href="#">Utviding av Stølsheimen landskapsvernområde med Finden og Finnefjorden</a> . ISBN 82-91031-66-5
2-2004	<a href="#">Prøvefiske i 18 regulerte vatn og ei elv i Sogn og Fjordane i 2003</a> . ISBN 82-91031-67-3
3-2004	<a href="#">Ungfiskregistreringar i fire regulerte elvar i Sogn og Fjordane i 2003</a> . ISBN 82-91031-68-1
<b>2003:</b>	
1-2003	<a href="#">Naturfaglege registreringar innanfor planlagde Ålfotbreen landskapsvernområde</a> . ISBN 82-91031-59-2
2-2003	<a href="#">Strandsonerettleiar. Strandsona - ein felles ressurs!</a> ISBN 82-91031-60-6
3-2003	<a href="#">Framlegg til Bleia naturreservat. Bleia-Storebotn landskapsvernområde</a> . ISBN 82-91031-61-4
4-2003	<a href="#">Skjøtselsplan for Findabotten i Stølsheim landskapsvernområde</a> . ISBN 82-91031-62-2
5-2003	<a href="#">Prøvefiske i 23 regulerte vatn i Sogn og Fjordane i 2002</a> . ISBN 82-91031-63-0
6-2003	<a href="#">Ungfiskregistreringar i sju regulerte elvar i Sogn og Fjordane i 2002</a> . ISBN 82-91031-64-9
7-2003	<a href="#">Verneframlegg for Ålfotbreen landskapsvernområde. Høyringsutkast. Del 1, del 2, del 3, del 4, del 5</a> . ISBN 82-91031-65-7